

---

Saksnr: 2021/48457-24  
Saksbehandlar: Anne Koch Grønlien  
Dato: 25.11.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

**Frå:** Vestland ungdomsutval

---

### Uttale frå VU - Budsjett 2022 /Økonomiplan 2022-2025

Vestland ungdomsutval handsama i møtet 19.11.2021 saka PS 45/21 «Uttale til orientering om budsjett 2021».

Uttale frå VU:

- VU meiner tilbodet om skulefrukost skal oppretthaldast
- Ikkje kutte ut meningokokkvaksine
- Bybusstaksten Førde/Florø skal harmonera med taksten for ei sone i Hordaland. 40 for vaksen og 20 for born. Dette skal gjelda frå årsskiftet
- For å harmonera med dei andre utvala i Vestland fylkeskommune bør budsjettet til Vestland Ungdomsutval vera høgare enn dei andre medverknadsorgana. Dette for å kunna få utbetalt møtegodtgjersle og moglegheita til å kunna arrangera Fylkesting for ungdom. Dette er utgifter som er høgare i Vestland Ungdomsutval enn i dei andre medverknadsorgana.
- VU er glad for at det budsjetterast til tilskotsordninga Lokale transporttilbod for ungdom (LTU), kor kommunale kan søka om midlar til fleksible og alternative transportløyisingar for ungdom. Samstundes, hadde VU gjerne sett at det blei satsa endå meir på denne ordninga.
- Turistrute Hardanger: Fylket bør ikkje fortsetja å subsidiera ei turistrute som det ikkje er passasjergrunnlag for.
- Vestland bør levera tilbake arkiva til kommunane i Sogn og Fjordane då dette er ei kommunal oppgåve. Då slepp ein å investera i eit nytt arkivbygg.
- Felles administrasjon Voss: samanslåing av skulane på Voss bør gjennomførast som eit spareiltak. Dette gjeld administrative oppgåver og ikkje fysiske skulane.
- Privatisteksamen bør promoterast betre for å kunna auka inntektene.